



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Hilde Ordemann, 55 57 22 12

Vår dato  
01.04.2016  
Dykkar dato

Vår referanse  
2015/3925 621  
Dykkar referanse

Meland kommune  
v/ Ingvild Hjelmtveit  
Postboks 79  
5906 Frekhaug

### Oppfølging av tilsyn - Meland kommune 2015

Vi viser til tilsyn og til oppfølging av tilsynet, seinast ved kommunen sitt brev av 30. mars. Vedlagt brevet var revidert rutine for handtering av meldingar og tilbakemelding til meldar.

Rutinen som er tilsendt er ei revidert utgåve av rutine som er sendt oss tidlegare.

På eitt punkt er ikkje rutinen i samsvar med barnevernlova. Det følgjer av rutinen at privat meldar får tilbakemelding om det vert eller ikkje vert sett i gang undersøking på grunnlag av meldinga. Av omsyn til teieplikta skal privat meldar ikkje ha slik tilbakemelding. Det følgjer av barnevernlova § 6-7a at dersom melding kjem frå meldar som er omfatta av § 6-4 anna og tredje ledd, skal tilbakemeldinga også opplyse om det er opna undersøking etter § 4-3. Dette omfattar altså berre offentleg meldar. Privat meldar har etter § 6-7a berre krav på å få opplyst at melding er motteken.

Vi ber om tilbakemelding på ovannemnde innan 10. april 2016.

Med helsing

Randi Alme Flataker  
seniorrådgjevar

Hilde Ordemann  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*